



Jens H. N. Bjordal
Pb. 92
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/8614 - 20/45840

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@alver.kommune.no

Dato:
13.07.2020

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 305/94 Fløksand

Tiltak: fritidsbustad
Byggjestad: Gbnr: 305/94
Tiltakshavar: Yvonne Mirosława Rouppert
Ansvarleg søkjar: Jens H. N. Bjordal

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 28.04.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Situasjonsskart som viser avstand frå omsøkt bygg til nabogrenser og til vassdraget. Alver kommune sitt kart må nyttast.
2. Planteikningane er mangelfulle. Det må sendast inn nye planteikningar som viser kva rom i bygningen som skal nyttast til kva.
3. Avkøyringsløyve til kommunal veg må dokumenterast.
4. Rett til parkering på kommunen sin eigedom må dokumenterast.
5. Rett til gangveg over naboeigedomen må dokumenterast.
6. Det er opplyst at bygningen skal ha privat avløpsanlegg. Vi ber om tilbakemelding på kva løysing som er tenkt.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **17.08.2020**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Jens H. N. Bjordal
Yvonne Miroslawa Rouppert

Pb. 92
Ivarhaugen 11

5906 FREKHAUG
5306 ERDAL